Kva krev vaar tid av ungdomen?

Forord til den elektroniske utgaven

Dette verk av **Bernt Theodor Anker** (1867-1943) er digitaliseret i december 2013 av Nasjonalbiblioteket i Oslo og tilpasset for Projekt Runeberg i september 2014 av Ralph E.

B. TH. ANKER.

KVA KREV VAAR TID AV UNGDOMEN?

Foredrag.

RISØR 1913.---ERIK GUNLEIKSON.All norsk ungdom kjenner fyrste kapitlet av Bjørnsons »Arne". Vesle briskebuska kjem paa ho vil klæ fjellet; endaa ho møter baade mothug og motstand, so gjev ho ikkje upp. „Friskt mod", segjer briskebuska. „Vil ikkje da ha meg, so vil eg ha deg," segjer ho til fjellet. Og ho vinn fram.

Gud velsigne den vesle briskebuska: ho er eit framifraa fyredome for ungdomen.

Vaar tid krev ein sterk ungdom: ein nervesterk og viljesterk og trusterk ungdom, ein ungdom med varmt hjartelag og fritt utsyn og ein urædd vilje.

Livet vert stridare, livs-striden vert kvassare fraa aar til anna. Konkurransen aukar paa alle kantar. Her er mange bikkjor um kvart beinet.

Noko som sermerkjer vaar tid er at arbeidet greina r seg ut i alle leider. Kvar-ein lyt velja seg si vesle arbeids-grein. Men den vesle arbeids-greini maa ein kunna til gagns. „Syttan handverk gjer nittan ulukkor", segjer dei i Nedenes. Eg meiner vaar tid vil stadfesta det. Det duger ikkje i det tjugande aarhundredet aa fuska med litt av kvart. Det du gjer maa du gjera med styrke: leggja all din hug og all din dug i livs-arbeidet ditt. Vaar tid vil ha gjort all ting baade godt og billeg paa ein gong. Og daa lyt ein kunna arbeidet sitt fullkome, skal ein greida det.

Grundig kunnskap krevst til alt arbeid. Til kroppsarbeidet likso vel som til aandsarbeidet.

Det var berre i gamle dagar dei meinte det skulde ikkje nokon kunnskap til aa vera bonde. I den tidi kunde ein gardmann segja um sønene sine: han Nils er no so næm; eg lyt kosta skule paa han, so han kann verta noko; men han Olav er ein tosk, han lyt vera heime og dyrka jordi.

Me skynar det i vaare dagar: det skal ingen tosk til aa dyrka jordi. Er det noko arbeid som krev sin mann, so er det jordarbeidet.

Me maa faa ende paa den snobbeskapen som jagar ungdomen burt fraa jordarbeidet. Det hende seg nyss ein stad dei lyste ut ein budeigje-post: der stod dei kunde sjølve segja kor mykje dei vilde ha i løn. Det var ingen som melde seg. Men naar det er ein kontorpost, der dei sit og slit paa ein kon-tor-krakk heile dagen, eller vera kassestyrar i ein butikk i byen, der dei sit i bur heile dagen, og endaa-til berre for ei svelte-lon, — jau daa er det mange um bodet. Det er snobbeskapen som gjer det: dei reknar kropps-arbeidet simpelt.

Kva skal me kalla det: at me enno er slike heidningar her i landet? me kjem i hug at Vaarherre var sjølv kroppsarbeidar, og dei fleste av apostlane hans med.

Kropps-arbeidet adlar mannen likso mykje som aands-ar-beidet. Kann henda vel so det: kropps-arbeidet skapar i regelen sunnare og friskare menneskje. Og «den som av Gud fekk sitt adels-brev, han treng inkje kongens stempel".

Vaar tid krev ein du gan de ungdom; og ho krev ein paalitande ungdom. Dei tvo tingi hoyrer i hop. Ordet dygd kjem av dug; det me hev tusen-aars røynslor for at det duger i lengdi, — det er det me kallar dygder.

Me hev mange tusen-aars røynslor for det duger i lengdi aa vera ærleg. Ærlegt varer lengst. Eg meiner vaar tid kjem til aa slaa fast det — meir enn nokor onnor tid hev gjort.

No hev me telefon, telegraf, god samferdsel, — det kjem snart ut kven som er aa lita paa. Eg høyrde nett ein mann vart uppringd i telefonen; dei skulde slutta ein handel, so spurde dei etter um kjøpåren var aa lita paa; fekk straks greida paa det. Sakførarar, bankrnenner, forretningsfolk, alle brukar telefon og telegraf dagstødt, so dei fær kjennskap til deim dei hev med aa gjera, um dei er paalitande.

Det er ikkje fritt det kjem klagemaal fraa utlandet at norske varor er tidt so ujamne. Det kjem ei sending med gode varor; men so kjem det e i sending med laake varor fraa same kanten. Slikt duger ikkje. Me kjem til aa tapa i konkurransen, lærer me ikkje aa alltid gjera fyrste sort arbeid. Er ulukka ute, som det kann henda den beste at han fær skjemt ut arbeidet sitt, — so lyt han anten vraka det, eller setja merke paa det at dette e r ikkje fyrste sort arbeid, og so setja prisen ned. Det er ærleg manns ferd. Og det duger i lengdi.

Alle som slurvar med arbeidet sitt, alle som dovnar seg under arbeidet, alle utrugne tenarar, alle som borgar og ikkje be-talar, laaner og ikkje gjev att, — dei fær uord paa seg: ingen vil ha med deim aa gjera; dei kjem ut or-dansen.

Me nordmenn maa taka oss paa tak, so me alltid gjer arbeidet godt. Ikkje einaste 1 ikso godt som andre, men betre enn andre folk. Arbeidet vaart lyt vera det beste i sitt slag. Det skal vera vaar nasjonal-vyrdnad, vaar folke-æra.

— Me hev mange tusen-aars røynslor for det duger ikkje aa drikka seg drukken. Eg meiner vaar tid kjem til aa slaa fast det med jarnhand. Det tjugande aarhundradet hev ikkje bruk for folk som tek seg eit rus ender og gong. Ein kann ikkje lita paa deim. Ein kann ikkje lita paa deim naar deier fulle. Men ein kann ikkje lita paa deim naar dei er æd rue heller.

Slike ungdomar som Peer Gynt, som vasar ungdoms-tidi burt: gjentor som driv med „jugl og jaal og inkjevetta", gutar, som turar og drikk og flyg etter gjentone, — vaar tid hev ikkje bruk for slik ungdom: ho kjem til aa sopa deim burt.

Det er eit faktum at blaut-dyri døyr ut; det er dei som hev rygg-rad og merg som eig framtidi. Det er det me kallar det naturlege utvalet, som livsens herre hev sett til lov for alt liv: at det som ikkje duger, det kjem ut or dansen.

Di kvassare kravi vert i vaar tid, di vissare vil det ganga so.

Her heime i vaare smaa forhold, merkar me enno ikkje so mykje til det. Me gjeng og sullar og dullar med oss sjølve so smaatt: um ein ikkje vil arbeida, so fær han no mat lel; um ein drikk upp det han tener, so svelt han no ikkje i hel, han hev daa denne velsigna fatig-kassa aa falla til bakars paa.

I større forhold, slike som i Amerika, — der er det plent som du vert kasta paa sjøen der; no lyt du sparka, gut, elles so druknar du! Det er hardt. Men det er sunt. Det skapar energi.

„Det er ei fæl tid me liver i no," segjer mange. Det er ikkje sant. Ei tid som set so store krav, ho er ikkje fæl. Ei tid som gjev oss so mykje aa gjera, ho er ikkje fæl, ho er rik. Ei vanskeleg tid, det kann vera sant; men det skal me ikkje syta med. Vanskane skapar karakterar. Den fura som veks i feit jord, vert jamnaste upp i berre geite. Men den fura som veks i mager jord, i bergskorta, og maa stri for livet, av henne vert det mai m.

Eg meiner vaar tid er vel skikka til aa skapa malm i ungdomen. Eg meiner: den ungdomen som ikkje let seg skapa til malm, han kjem ut or konkurransen. Eit folk som hev mykje slik blaut ungdom, vil ikkje greida seg i kapp-rennet millom folkeslagi.

Her gjeld det livet for folket vaart. Her er nøgdi av deim som vil skuva oss til sides. Me snakka so gildt um at me skulde faa ein ny arbeids-dag etter 1905. Det ser ut til at svenskane hev fenge den nye arbeids-dagen. Me hev

enno ikkje fenge stort av han. Tek me oss ikkje tneir paa tak me nordmenn, so kjem me i skuggen.

Ein ting me seint lærer her i landet, det er aa passa tidi. Tid er pengar, segjer amerikanarane; og dei tek til aa læra det i andre land. Her i landet segjer me x for u og seks for sju. Me held ikkje so nogje paa ein halv time eller ein time aa sumla burt. Paa jarnvegsstasjonar, paa dampbaatsbryggjor, paa auksjonar, paa kafear: i hundrad vis av norsk ungdom som heng og sleng. Eit sovore folk er vandalaust aa konkurrera med.— 6 —

Me maa læra passa tidi betre. Tidi er noko med det dv-raste me eig. Og so gildt er det: me eig like mykje av henne, anten me er rike eller fatige.

Nervøst? Nei tvertum! det er sumle-koppane som vert nervøse, skal eg segja: dei som ikkje passar tidi, so det hau-gar seg upp med arbeid rundt ikring deim; og so fær dei so mykje aa gjera paa ein gong og so liti tid til aa gjera det alt saman, at dei fer att og fram som ei forstyrra veggjelus, det vert dei nervøse av. Men eg tenkjer de kjenner slike rolege folk, som alltid hev god tid, av di dei alltid passar tidi, kann gjeva seg god tid med arbeidet sitt, og faa gjort alt i rette tid. Det er dygdi!

Dagen til arbeid, natti til kvild, — det skapar sunn og nervesterk ungdom. Det er ein fante-skikk naar ein skal ha fest, at det plent skal dra ut paa morgonsida. So stel dei timar fraa kvildi; det vil segja: dei stel magt fraa arbeidet. — Veit de at dei engelske studentane i Oxford lyt vera inne kl. 9 um kvelden ? det gjeng folk rundt i gatone og inn paa kafeane og ser etter: raakar dei paa ein student etter kl. 9, lyt han standa til rettes for professorane dagen etterpaa. Eg skulde havt moro av aa set andliti paa dei norske studentane, um dei fekk den regelen ! Men dei engelske studentane finn seg i det: dei sky-nar det duger i lengdi; naar dei ligg der ved skulen, lyt dei nytta kvar arbeisdagen heilt; elles kjem dei snart til atters: der er konkurranse der. Difor er det og slikt staal i dei engelske studentane. Me kann misunna England slike studentar.

Ein arbeidsfrisk ungdom, som vaknar like arbeidsfrisk kvar morgon — han kann gleda seg til arbeidet sitt. Og arbeidsgleda er den største arbeidsstyrken.

Dei segjer det dei som kjenner til det: det er folkehøg-skulane som hev lyft jordbruket i Danmark. Ikkje soleis at dei hev jordbruks-fag paa høgskulane der. Men dei lærår sjaa med heilage augo paa fedrajordi og sjaa med heilage augo paa jordarbeidet. So kjem dei heim med meir tru til arbeidet sitt, med meir gleda i arbeidet. Fleir enn ein dansk bonde hev sagt med meg: naar han kjem attum plogen, daa tenkjer han paa fedralandet, «at vort lille Danmark maa bli kønnere og rigere". — Eg kjenner ein norsk bonde. Det er ikkje stor jordvegen han hev; men den vesle jordvegen hev han dyrka som ein hage. Han synte meg rundt. Han hadde freista med ymse slag gjødslings-maatar, hadde funne ut: det som høvde best aat hans jord, var luftgjødsel attaat naturleg gjødsel. »Sjaa no kor det gror, sa han; no hev eg funne rette maaten"; det var so det straalte av han! Han hadde freista med ymse slag kraftfor, hadde funne ut: det som lønte seg best var kaalrot, daafekk han mest paa kvart maal, og daa mjølka kyrne best. So sa han: „Lat oss tenkja oss at folket vakna, kor mykje kunde me ikkje fø daa, berre paa den jordi som er dyrka, naar me •dyrka ho betre". Attaat det veit me det ligg mykje jord udyrka, •som me kunde dyrka upp. Men berre den jordi som e r dyrka, dyrka me ho betre, skulde ho fø fleire millionar, meinte han. Lat oss tenkja oss folket vaknar, ja. Det er det som trengst, i nærings-livet likso vel som i aands-livet: framum alt treng me vakne ungdomar med tru til arbeidet, med gleda i arbeidet, med opne augo og open hug, so dei kann nytta ut rik-doms-kjeldone skaparen legg like framfor foten vaar.

Tenk deg tvo arbeids-folk som bryt stein i eit ny-lende. Eg spør den eine kva det er for arbeid han driv. „A, segjer han, det er eit slit, det er surt fortente skillingar". Og eg for min part skal ikkje segja so mykje til det; eg dugde visst ikkje til slikt arbeid. Men so spør eg den andre. „Jau no skal du høyra, segjer han; me vidar ut jordvegen her paa garden, so rue kann avla meir; bia berre til hausten, skal du sjaa kor aakeren skal bera". De kann daa vita at den karen arbeider ti gonger betre enn den fyrste. Den fyrste var ein træl. Denne her er ein adelsmann, med arbeids-adelen yver seg, med arbeids-tru og arbeids-gleda.

Eg kjem i hug cin elev paa ein norsk folkehøgskule. Eit bil etter ho var heimkomi fraa skulen, møtte eg far hennar. „Eg var litt rædd daa gjenta kom heim fraa skulen, sa han, at ho hadde vorte for fin til det simple arbeidet

heime." (Der hev me snobbeskapen eg nemnde: at dei kallar det arbeidet simpelt, og meiner naar ein hev vore paa skule, so er ein for fin til slikt!!) „Men nei, sa han, ho er likso greid til aa arbeida baade paa kjøkenet og i fjøset som fyrr, og no gjeng det med son g heile dagen," sa han. Det var det nye: ho hadde lært sjaa stort paa det vesle arbeidet sitt, at med det vesle arbeidet kunde ho tena Gud likso godt som nokon prest •— og tena fedralandet likso godt som nokon statsmann; med ho gjekk der millom kjøkenet og fjøset, kunde ho vera med og byggja upp eit nytt Norig.

Ja det er det arbeidet som gjeng med song, med tru, med gleda, —• det er det som vinn lengst fram.

Det gjeld i arbeidet ogso, det bisp Nikolas segjer i „Kongsemnerne": den lukkelegaste mannen er den største, han som kann opna seg for mest solskin i livet, og so kann fylla arbeidet sitt med mest solljos og solvarme, tru paa livet, tru paa landet, tru paa arbeidet.Ikkje minst treng me ein truande og trusterk ungdom naar me ser paa dei uppgaavone vaar tid legg fram for oss; med eitt ord: dei sociale uppgaavone.

Med same eg nemner namnet, er det som stupbratte fjellet ris upp beint fram for oss. Ja menn skal det tru til aa leggja i veg og klæ det fjellet.

Det er ikkje undrande at gamle folk stend modlause og segjer: det nyttår inkje. Det er gildt naar gamle folk er so ungdomsfriske at dei kann tenkja nye tankar og brøyta nye veg-jer. Men det er vel ikkje ventande. Frelsaren sa ein gong so vænt eit ord nm dei gamle som ikkje vilde vita av det nye, (endaa det var dei gamle farisæane, som ikkje vilde vita av det nye han kom med). Aa nei, sa han, den som hev smakt den gamle vinen, han vil ikkje smaka den nye, for han segjer den gamle er best. Vidunderleg vænt sagt. Det skal læra oss yngre aa ikkje fara strengt med dei gamle, um dei stend tvilande der det gjeld noko nytt.

Men at ungdomen stend tvilande og modlaus og segjer det nyttår inkje, — det er svartedauden det. Vaar tid hev inkje bruk for slike ungdomar. Kjem vaart folk til aa faa mykje slik ungdom, so kann me likso godt pakka saman.

Den som alltid trakkar dei gamle vegjene og aldri tenkjer ein sjølvstendig tanke, — han legg ikkje ei ain til sin eigen vokstr eller til folkevokstren. Det er summen av dei sjølvstendige tankane og dei sjølvstendige viljane som skapar framgangen i eit folk.

Mannen aat det tjugande aarhundradet er ikkje papa-dalten, som berre tærer paa rentone av fars arbeid. Men det er det amerikanaren kallar »a self-made man": ein mann som sjølv brøyter seg veg i livet. Mannen aat det tjugande aarhundradet er ikkje ein som alltid diltar etter andre, tenkjer det andre hev tenkt fyre, snakkar etter det han hev høyrt andre hev sagt eller det han hev lese i avisone; mannen aat det tjugande aarhundradet er ein som tenkjer sjølv, brukar sine eigne augo, og gjer seg upp si meining sjølv. Ein liten grand sjølvstendig tankegang er mykje meir verd enn mange hestelass med daude lærdomar.

Det er noko med det ynkelegaste ein kann sjaa: at folk gjeng gaasegang, i hundradvis, i tusenvis, i titusenvis, — diltar tankelaust etter kvarandre, og hyler med der andre hyler fyre. „Naar den eine gjerer rop, so ropar sidan den heile hop". Anten det er hosianna, eller det er krossfest, — like tankelaust, like karakterlaust.

Hev de lese i Apostelgjerningane (19de kap.) det er fortalt um eit upplaup i Efesus: det var tvo tri sylvsmedarder i byen som fekk heile upplaupet i stand, fekk folk i tusenvis til aa standa der paa gatone og skrika i tvo timar; og „dei fleste visste ikkje kva dei skreik for"; men skreik gjorde dei. Me kjenner ulli!

Haldt deg for god til slikt, ungdom! Lat ikkje skriket raa med deg. Tenk sjølv. Du kann koma til aa gjera so uendeleg stor synd me di du skrik med der andre skrik fyre. For: det er jamnaste dei beste som fær skriket imot seg.

Eg gløymer ikkje so lenge eg liver daa eg lærde kjenna personleg ein av hovdingane her i landet. Folk hadde snakka vondt um han, leivde han ikkje æra for tvo skilling. Avisone skamskjelte han: eg trur ingen nordmann hev vore verre skam-skjelt enn han, (og det segjer ikkje so lite det): det var statsminister Steen. Daa eg so lærde kjenna han personleg, daa eg fekk sjaa for ein staut kristen karakter han var: kor han aldri søkte sin eigen bate,

alltid det som var til bate for folket, — daa eg saag kor dei gode dagane hadde ikkje skjemt han ut, og dei vonde dagane hadde ikkje gjort han beisk: han tolde ikkje ein gong at dei snakka vondt um motmennene hans, — daa sa eg med meg sjølv: slik er den mannen dei hev fare so ille med, so nobel er han, so heilstøypt! Etter den dagen segjer eg jamt naar eg ser nokon av hovdingane vaare vert ille medfaren, — um eg ikkje kjenner han, so segjer eg: det maa ve ra ein bra mann. Eg trur ikkje det vore or vegen um ungdomen kom til aa standa fritt paa liknande maate, so hart kann subtrahera skikkeleg naar han les i avisone.

Og det trengst daa visst no um dagen, no alt gjeng med damp og elektrisitet. Tankane og uppgaavone strøymer paa som ein foss: det som var radikalt i gaar, det er konservativt i dag! Ja menn lyt du vera vaken, gut, vil du vera med.

Det er serleg tvo uppgaavor eg meiner det tjugande aar-hundradet vil ha løyst. Den eine formår eg slik: faa ende p aa f at igd omen! Den andre : f aa en d e paa heidendomen! Dei tvo uppgaavone er fødde av same mor; det er brortanken som ropar til oss med Guds eigi røyst: du som hev det godt, — gløym ikkje deim som hev det vondt.

I vaar tid kann me ikkje slaa ring ikring oss og segja: utanfor den ringen hev ikkje eg noko med det. Du hev med alt som hender paa jordi! Me heng ihop alle menneskje. Slik samferdsel me hev no, hev dei paa hi sida jordi korne like inn paa stove-døri vaar. Det hender noko i Sud-Amerika eine dagen, den andre kann me svi for det her uppe; me hev sagte med det!

Det koka r ute i folkedjupi: „De rike, Lasarus vaknar ein dag. Og naar Lasarus vaknar, daa nøgjer han seg ikkje—

Tired smulane som dett fraa rikmanns bord; daa vil han sjølv vera med og sitja til bords". Mange gruvar ved tanken paa dette, at dei kjem marserande i takt (dei kann passa takten dei karane), kjem i hundrad-tusen fast takt og krev vera med. Det er krefter i gjerde her som ikkje er aa spøkja med.

Like vel meiner eg det er berre barneleik det som gjeng fyre seg i dei gamle samfund i Europa og Amerika — mot naar Afrika og Asia kjem med. „Den gule faaren" hev de høyrt gjete: fire hundrad millionar kineserar pius tri fire hundrad andre millionar asiatar, -— kann dei læra halda takt, so lyt nok baade Amerika og Europa skjelva i knei.

Det er ikkje morosamt aa tenkja paa um dei derute vaknar til hemn, — til hemn for alle dei syndene kolonial-politiken hev paa samvitet. Dei kvite folkeslagi hev ført ulukkor yver folki i Asia og Afrika: brennevin, opium, sjukdomar, trældom. De veit England førde jamvel krig med Kina og tvinga deim til aa føra inn opium. Det er himmelropande syndar dette. Og hemnens dag kjem nærare for kvart aaret, det kann rae ikkje dylja.

Ikkje betre enn eg skynar, er det ein einaste maate aa mota den gule faaren. Det er det me kallar heid-n i ngmissj onen.

Det er trongsyn naar mange nordmenn ser ned paa heid-ningmissjonen. Her bid ikkje større aands-strid i vaare dagar enn den som gjeng fyre seg ute paa missjons-markene: der mammons-tenarane og missjonærane renner um kapp, kven fyrst kann faa tak i dei gule og dei svarte rnedmenneskji vaare.

Kva er det mammons-tenarane vil ? Dei vil nytta deim ut til vinning, „spinna gull av mannablod". Kva vyrder dei um dei trakkar paa nokre hundrad tusen ? eller um dei tyner eit heilt folk?

Kva er det missjonærane vil ? Dei vil lyfta deim upp jamsides med oss sjølve, so dei skal kjenna seg barn av same Far i himmelen, med same barneretten, med same retten til all livsens rikdom.

Skynar de no grunnen til at mammons-tenarane derute er sinna paa missjonærane?

Veit de kva han sa den franske guvernøren paa Madagaskar nokre aar sidan ? Han var sinna paa missjonærane vaare av di dei lærde madagassane aa tenkja. „Me hev ikkje bruk for tenkjande madagassar," sa han. Det han hadde bruk for var arbeids-dyr, trælår. Og han skyna at naar folk hev lært tenkja, d. v. s. lært kjenna sin menneskjerett, — daa let dei seg ikkje bruka til arbeids-dyr.

Men me frie norske menner og kvinnor, me skal daa ha— 11 —

vit paa det store arbeidet missjonærane vaare gjer med di dei lærer eit heilt folk aa tenkja.

Eg vil so gjerne at den norske ungdomen skal vera byrg av dei norske missjonærane. Mange av dei hev gjort fagna-verk som i alle maatar stend jamhøge med storverki aat Fridtjov Nansen og Roald Amundsen.

Kann no Asia-folki faa vestens kultur paa kristen grunn og i kristen aand, so dei vil bruka dei rike evnone sine til aa tena Guds rike paa jordi, — ja daa kann den gule faaren verta umsnudd til velsigning.

Nett no er det dette gjeld. Nett no er alle dører opne. Nett no um dagen ser det ut som dei hev snutt ryggen til den gamle tidi og stend ferdige aa ganga inn i ei ny tid, dei fleste folki derute. Korleis den nye tidi skal verta, det stend til oss kristne. Forsømer me den laglege tidi no, (um ein manns-alder er det truleg for seint), forsømer me den laglege tidi no, — so kjem me fulla til aa svi for det, baade me og borni vaare; me hev sagte med det!

Her bid ikkje større arbeid uppe no for tidi enn h eid n i ngmissjonen : der det gjeld berga framtidi aat heile manna -ætti.

Men so lyt me ogso reinska dei gamle kristen-samfundi vaare her heime. Og det skikkeleg og.

So ikkje dei derute skal segja nei takk til kristendomen me byd deim- Kristendom og opium ? Kristendom og brennevin ? Kristendom og trældom? Nei takk!

Her er endelaust med nakne flekkjer her heime som skrik imot oss at me skal klæ deim. Det vil ikkje segja at me skal sy soveputor under armane paa folk. Tvert um: det vil segja at alle skal verta sj ølvh j elpne.

Det fyrste me lyt gjera, skal me faa ende paa fatigdomen,

— det er: burt med rusdrykken. Ingen skapar meir fatigdom enn rusdrykken. Og den kann me so lett verta kvitt, berre me sjølve vil.

Noko anna me lyt gjera, skal me faa ende paa fatigdomen,

— det er: burt med fatigkassa! Ho skapar og mykje fatigdom.

Elles er det ikkje snart aa peika paa alle dei nakne fle k-kjene. Og endaa minder snart aa peika paa boteraadi mot deim alle. Men vaar tid krev av ungdomen at han skal gjeva seg i kast med desse uppgaavone. Og daa heitest det for eit gamalt ord: den som leitar han finn. Kann me faa det hj arte laget og det frisynet inn i ungdomen, at han vil leita etter løysing paa dei sociale flokane, — so skal de sjaa det munar.

Men rædd maa ikkje den ungdomen vera. Han kjem i— 12 —

strid med verste veldet paa jordi: han kjem i strid med mammons-veldel.

Hev de lese ei bok som kom ut nokre aar sidan av professor Halvdan Kohl, heiter „Pengemagt og arbeid i Amerika" — ? Den boki burde alle lesa. Han gjev ei fælsleg skildring av korleis mammons-veldet held paa og øydelegg heile Amerika. Det er reint so ein skjelv naar ein les: det han sjølv hev set og sjølv hev granska, korleis dette dæmoniske pengeveldet tøy-gjer dei lange fang-armane ut og klemmer alt liv under seg.

Det er det same mammons-veldet som nett no um dagen bankar so hardt paa i vaart fed raland. Kor skal me berga oss? eit lite folk paa tvo og ein halv million? naar det store amerikanske folket stend meste raadlaust!

Her er berre ein maate: at me kann faa slike staute karakterfaste folk her i landet, som aldri sel seg. Ikkje sel meinin-gane sine, ikkje sel arbeidet sitt, ikkje sel garden sin, ikkje sel landet sitt, ikkje for nokon pris !

Der mammon retter ut handi med gullklumpen og lokkar og daarar og vil draga alle til seg, — og han so møter ein ungdom som segjer: skit i gullklumpen din! eg vil vera ein fri mann paa min eigen grunn, i mitt eige land! — der hev mammon mist si magt.

* *

Eg veit ingen som kann skapa slik ungdom andre enn Jesus Kristus. Han er vaar store hovding, som vil fylka oss

til strid mot mammonsveldet no for tidi. Eg trur ingen annan greider det. Difor meiner eg: den store striden i det tju-gande aarhundradet utyver heile jordi kjem til aa standa millom mammon og Kristus. Eg trur me kan spara oss tenkja paa noko tridje. Det vert eit av tvo!

I Jesu Kristi fotefar ser me ei lysande rekkja av trauste kristne karakterar. Slike som kunde standa der dei skulde standa, og kunde ganga paa der dei skulde ganga paa. Slike som heller let seg pina til daude, fyrr dei sveik.

Det stod ein mann nede paa riksdagen i Worms, med heile verdi imot seg. Men han stod. „Her stend eg! sa han, eg kann ikkje anna! Gud hjelpe meg!"

Hans Nilsson Hauge — prestane var etter han, lensmennene var etter han. Til slutt tok dei han og sette han i fange-holet. Der sat han i ti aar. Men han gav seg ikkje.

Det sat ein missjonær nede paa Sakalav-strandi paa Madagaskar. Røstvig heitte han. Han sat aaleine i hytta si ein dag. Kom ein sakalav-prins med ein flok soldatar, og tok til aa plundra heimen hans. Til sist sa prinsen: gjev meg ringen paa— 13 —

fingeren din! Nei, sa Røstvig, den fær du ikkje; den hev eg fenge av kona mi, og ho hev døytt ifraa meg; den gjev eg ikkje fraa meg godviljug. Hogg handi av han, sa prinsen. Ver so god! sa Røstvig og rette armen ut. Men daa var det ingen som vaaga gjera det. Skjot han ned! ropa prinsen. Soldatane stelte seg upp og rette byrsepipone mot han. Men han stod. Og dei skaut yver, dei vaaga ikkje skjota han.

Norske ungdomar! Kann henda de slepp standa framfor byrsepipor; (endaa ingen veit kva som kann henda!) men ein ting slepp de ikkje, anten gjentor eller gutar: aa standa framfor spott. Og det kann bita endaa verre. Um det er berre slik ein liten ting: du er van med heimantil aa leggja hendene i hop naar du set deg til bords, og takka Oud for maten etter du hev ete, — og du kjem i lag med folk som ikkje brukar det, — det skal mod til aa gjera det, naar ein ser spottande augo og spottande smil ikring seg. Men den ungdomen som vaagar gjera det, han veks paa det.

Det er slik Kristus skapar karakterar, gjenom smaa-ting likso inykje som gjenom store.

Og det er slik Kristus vil skapa den folkestyrken, sotn eit lite folk ikkje kan n vera forutan: den folkestyrken som ligg i ein sterk kristendom. Eg snakkar ikkje um ein veik kristendom, som berre vil ha det godt; den er ikkje noko tids. Men ein sterk kristendom, som set alt inn paa det som er rett, som vil gjera si plikt, gjera Guds vilje — det er den største folkestyrken me hittil hev kjent.

Minnest de dei trettan tusen som fylgde Gustav Adolf til Tyskland, skulde slaa eit slag der for aandsfridomen. Daa dei kom i land i Tyskland, la dei seg paa kne alle trettan tusen, og bad Vaarherre kjennast ved striden, so dei fekk tena hans sak. Den katolske generalen (Tilly) log aat denne vesle „vakt-para-den". Men daa han fekk med deim aa gjera, daa log han ikkje lenger. Daa gret han. For han rauk.

Dei namngjetne soldatane til Cromwell i England, „jarn-sidone" hans, dei han hadde plukka ut millom dei trugnaste kristne han kjende, slike som las i bibelen og bad til Gud kvar dag og livde etter det dei las, — ingen kunde standa seg mot deim.

Daa Napoleon kom yver Tyskland, var del den tid rasjo-nalist-prestane stod paa preikestolane, preika alt anna enn Kristus, liti tru og liti kraft var det i preikone deira. Men daa Tyskland kom i naud, daa fekk pipa ein annan laat. Daa var det ein av dei prestane som sa ein sundag: kva slags folk er det Tyskland treng no? No treng me folk som kann beda til Gud og som trur paa Gud.— 14 —

Den dagen vaart folk kjem i naud, (ingen av oss veit kor nær den dagen kann vera, me hev ikkje fribrev paa at me skal sleppa), den dagen spørst det um me hev slik ungdom her i landet som kann beda til Gud, og som trur paa Gud, og i tru til Gud set livet inn for landet sitt.

Slike karakterar lyt me øva upp i det daglege. Det er ikkje trulegt at dei som er rædde for aa faa folk imot seg i fredstid, at dei skal verta modige til aa ganga paa i ufred.

Det er ille kor rædde mange er for aa faa folk imot seg.

Ver ikkje rædd, du gut, um du so skal standa aaleine. Hev du rett og dei andre urett, so skal du vinna og alle dei andre skal tapa.

Ei god sak maa for det meste ganga tri steg. Fyrste steget er spotten og laatten, der dei hermar og apar, gjøner og lær og vil drukna det heile i spott; det er fyrste steget. Andre steget er harmen og hatet, der dei høgg og klorar og bit og vil døyva det med magt; det er andre steget. Tridje steget er naar saki vinn fram, og alle gjeng med; dei fleste hev jamvel gløymt at dei nokosinne hev vore imot; det er tridje steget.

Ikkje eldre enn eg er, hev eg upplivt dei tri stegi gong paa gong.

Og daa sakar det inkje um ein skal lida litt paa vegen. I det heile er det ikkje so ille um ein lid litt for det ein er glad i; for daa vert ein en daa gladare i det.

Det er sant det Alexander Kjelland sa ein gong: det fri-ly ndet som skal duga lyt ein faa brent inn i seg gjenom motgang. Daa vert det stabilt daa. Men det som er lettkjøpt sit jamnaste laust; difor er det so mange som svik naar det gjeld.

Du skal ikkje vera so rædd um du fær brent inn i deg gjenom motgang baade trui og kjærleiken og modet og frilyndet.

Um dei spottar deg, um dei bannar deg, um dei sputtar paa deg, — eg skal segja du kjem i godt lag, gut. Alle som vil noko godt, lyt bu seg paa aa lida vondt for det. Den som ingenting vil, han fær ganga i fred. Men dei som hev sett noko inn paa aa føra gjenom eit framsteg, dei hev tidaste lide utruleg mykje vondt for det.

Kjenner du den songen av Bjørnson: der gaar et stille tog igjennem kampens bulder med bøn paa alle sprog — ? Kjenner du siste verset i den songen:

„En bønnens regnbu-bro op gjennem tidens uveir i skin av Kristi tro:— 15 —

at over lidenskabens nød maa kjærlighed faa seire; ti saa hans løfte lød."

Kristi „løfte", Kristi tru, ljoset fraa paaskemorgonen som. lyser utyver livet: det som er av Gud, det skal vinna, um langfredagen vert aldri so lang; det som er reint, det som er rett-ferdigt og sant og kjærlegt og godt, det er det sterkaste her i livet; alt det andre er daudsens.

Det skulde daa ikkje vera so langt undan for kristne men-neskje aa tenkja seg inn i: at Vaarherre vil ha mykje nytt fram no for tidi. Det er ikkje alt nytt som er godt, det vere langt fraa; me lyt prøva det, og vraka og velja. Men det kann daa ikkje vera alt nytt sotn er gale heller; det er vel ikkje so full-kome det gamle?

Eg kjenner ikkje noko meir radikalt ord i den vegen enn det me les i bibelen: eg vil gjera alle ting nye. Det er Jesus Kristus som segjer det. Og du og eg skal vera med og skapa den nye jordi fram or den gamle. Større livsmaal kann me ikkje ha, enn at me fær bruka dei seksti sytti aari me skal liva her (eller kor mykje det vert) til aa vera med og skapa den nye jordi fram or den gamle: inst innantil i viljelivet vaart (der maa det begynda), i heimen vaar, i ungdomslivet vaart, i heile samfundslivet. Skapa det nye Norig fram or det gamle. For: me nordmenn vil no gjerne at Norig skal vera med paa den nye jordi.

Segjer daa nokon med deg, som fleire hev sagt med meg: du trur visst du kann faa syndi burt, du, — — svar ja, du gut: Jesus Kristus er komen av di han vil faa syndi burt.

Vil ungdomsflokken her vera med i hans kraft aa faa syndi burt her fraa bygdi, de skal sjaa det munar! faa den eine syndi burt etter hi: drykken, usedskapen, girugskapen, vondskapen, sladderen, snobbeskapen (som er avgudsdyrkjing) — ut or huset med det! ut or bygdi!

Berre det: at hev du ikkje tru paa det nyttar noko, ja daa tek du visst ikkje mange sparketaki. Men so spør eg: kva slags tru er det som segjer: det er ingi raad med det vonde —? E)et er ikkje kristentru det. Det er trui fraa svarte-katekisma; der lyder trui slik: eg trur og i sanning finn: at alltid her i verdi det vonde vinn. Men Jesu Kristi tru,

det er denne: kvar plante, som min far i himmelen ikkje hev planta, skal ryk-

kjast upp med rot..

* *

*— 16 —

Det hende seg i dansketidi at ein sogning laut lata livet, av di han leit for mykje paa danskekongens ord. Kongen hadde lova lærdølene i Sogn dei skulde sleppa militærtenest, berre dei heldt vegen ved like yver Filefjell. Like vel kom det bod at dei skulde ut og eksera. Daa negta denne sogningen, Anders Ljøsne heitte han. (Ikkje for det: det var godt to til soldatar i lærdølene, det synte seg seinare; men han meinte det var berre noko fanteskap av embættesfolki; for: kongen hadde lova dei skulde sleppa.) Og han fekk andre til aa negta med. Tok dei og dømde han til daude. Daa han la hovudet sitt paa stabben, sa han paa sognemaalet sitt: hove mitt kann gao, men kongens ord skal stao!

Staut sagt!

Den kongen vaar som vil fylka oss til strid mot mammons-veldet og mot all vondskapen no um dagen, Jesus Kristus, han gjeng aldri attpaa det han hev lova. Svik ikkje du han, — han svik aldri deg. Det det spørst etter, er um me kann faa slike sterke kristne ungdomar her i landet, at dei vil segja som sogningen: lat det kosta kva det vil! hovudet mitt kann ganga! men kongens ord skal standa.

Slik ungdom meiner eg vaar tid krev.